

**Fra:** Per Rune Vereide [Per.Rune.Vereide@sfj.no]  
**Sendt:** 22. februar 2015 20:25  
**Til:** Postmottak KLD  
**Kopi:** nikolai502online@hotmail.com  
**Emne:** Uttale frå Senterungdomen i SF: Sei nei til sjødeponi og därleg bruk av mineralresursar.

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Frå  
Senterungdomen i Sogn og Fjordane

Til  
Klima- og Miljødepartementet v/statsråd Tine Sundtoft

**Uttale frå Senterungdomen i Sogn og Fjordane:**

**Sei nei til sjødeponi og därleg bruk av mineralresursar.**

Gruveselskapet Nordic Mining har søkjer om å opne ei titandioksidgruve i Engebøfjellet i Vevring i Naustdal kommune. I søknaden ligg det inne planar om å dumpe 250 millionar tonn giftig gruveavfall i Førdefjorden i 50 år framover - eller vel 17 lastebillass i timen i fem tiår. I Senterungdomen sine grunnverdiar ligg forvaltaransvaret og ein bærekraftig bruk av natur og matresursar. Difor meiner Senterungdomen i Sogn og Fjordane at mineralresursane i Engebøfjellet må sparast til ei meir resurseffektiv gruve utan sjødeponi.

Grunnen til at det er søkt om å dumpe so mykje Stein og gruveavfall i Førdefjorden, er at det er ein særsliteng del av fjellet som skal nyttast. Dumping av so store mengder Stein saman med kjemikalier, kan få katastrofale fylgjer for livet i fjorden. Gruvedrift finn du over heile verda, men sjødeponi er ei ordning berre fem land nyttar seg av. Sjødeponi er ein gamaldags og utdatert måte å drive gruveverksemd på, som går i motsett retning av resten av verda.

Fleire fagetatar er kritisk til søknaden frå Nordic Mining, og både Havforskinsinstituttet og Miljødirektoratet har rår frå å dumpe gruveavfall i fjorden. Havforskinsinstituttet kallar prosjektet for «*den største planlagde forureininga i moderne tid.*» Ein samla fiskerinæring er sterkt i mot prosjektet då ho trugar næringa sitt levegrunnlag – eit sunt marint økosystem og reine fjordar. Turistnæringa er også kritisk.

Saka om gruvedrift og sjødeponi i Førdefjorden er stor nok i seg sjølv, men er ein del av ein større diskusjon om norsk gruvepolitikk. Døme frå Repparfjorden i Finnmark syner korleis lokale, potensielt evigvarande næringar kan øydeleggjast av umoderne gruver og gruveselskap som ikkje tek miljøomsyn. Der vert både reindrifta og fjordfiske truga – i Sogn og Fjordane er det framtidas fiskeresursar som kan bli øydelagde. Dette syner med full tyngde at det må setjast nye krav til gruvenæringa. Verkemiddel som redusert utvinningstakt og tilbakefylling må takast i bruk. Overskotsmassane må nyttast som det dei er – ein resurs, ikkje eit avfallsprodukt.

Mineralresursane i Engebøfjellet er for verdifulle til å kaste vekk på eit so lite framtidsretta prosjekt som det Nordic Mining legg opp til. I ei framtid med større knappheit på mineralresursar ser ein at gruveverksemder i andre land gjer meir for å utnytte gruver fullt ut. Den teknologiske utviklinga går framover, og det er liten grunn til åtru at det ikkje vil kome betre teknologi som vil gjere utnyttinga av slike mineralresursar mykje betre. Å dumpe storparten av resursane i Førdefjorden, ein nasjonal laksefjord, er ei umåteleg därleg løysing. Difor meiner Sogn og Fjordane

Senterungdom at resursane i Engebøfjellet må sparast til eit prosjekt som vil nytte mineralførekostane effektivt – på ein måte som ikkje øydelegg potensielt evigvarande naturresursar for alltid.

Kopi til:  
Senterpartiets Stortingsgruppe  
Senterpartiets fylkesstyre og fylkestingsgruppe  
Presse og media

---

**For meir info – ta kontakt med fylkesleiar Nikolai Åshamar på telefon 4814 5934.**

Ha ein fin dag... ☺

Med helsing  
Senterungdomen i Sogn og Fjordane



Per Rune Vereide  
fylkessekretær

Kontaktinfo:  
Telefon – 5700 0980  
Mobiltelefon – 9770 6884  
e-post – [prv@sp.no](mailto:prv@sp.no) eller [per.rune.vereide@sfj.no](mailto:per.rune.vereide@sfj.no)

Postadresse – postboks 154 – 6821 Sandane

[www.senterpartiet.no](http://www.senterpartiet.no)